



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Flyktningkonsulent - 100% vikariat

Arbeidsplass

Flyktningarbeidet i Meland kommune er i ein spanande utviklingsfase og det jobbast kontinuerleg for å tilpasse tenesta til framtidens utfordringar. Flyktningarbeidet er organisatorisk lagt under NAV kor den viktigaste oppgåva er å bidra til at den enkelte flyktning vert godt integrert

Det vert ledig eit vikariat som rettleiar ved NAV Meland 100% med moglegheit for fast tilsetjing.

Dersom det vert intern tilsetjing kan mindre vikariat og verte ledig.

NAV Meland har over 15 tilsette frå stat og kommune. Vi har fokus på arbeid og aktivitet, og har som hovudmålsetting å gi menneske moglegheiter. I samband med Meland kommune sin plan for busetting av flyktningar 2016-2019 har vi no ledig eit vikariat 100% som rettleiar i gruppa som arbeider med busetting av flyktningar.

Stillingsinformasjon

Vi søker etter ein flyktningkonsulent som primært skal jobbe med busetting og integrering, og som rettleiar i introduksjonsprogrammet for flyktningar. Mellom oppgåvene er å gi bistand, praktisk hjelp, råd og rettleiing i samband med busetting. Det er tett samarbeid mellom kollegaene i avdelinga, i tillegg til andre samarbeidspartnarar som er involvert i desse oppgåvene i kommunen. Flyktningkonsulenten må bidra i planlegging og iverksetting av nye arbeidsoppgåver i samband med den auka busettinga av flyktningar, særleg med omsyn til raskare overgang til arbeid og sjølvstende for dei som er klar for dette.

Arbeidsoppgåver

- Busetjing av nykomne flyktningar.
- Oppfølging, rettleiing og kartlegging av flyktningar jfr. Introduksjonslova og Lov om sosiale tenester i NAV.
- Oppfølging og tilrettelegging av introduksjonsprogram, samt oppfølging ut mot praksis, utdanning og arbeid.
- Bistå flyktningar som vert busett i Meland slik at dei aktivt kan ta del i yrkes- og samfunnsniv og sikra at dei vert økonomisk sjølvstendige.
- Ein må kunne reflektere over rolla si som tilretteleggjar og inspirator for menneske i utfordrande livssituasjonar. Viktige stikkord er hjelp til sjølvhjelp, god evne til å formidle budskap, toleranse for andre livssyn og verdiar, og ein god porsjon humor. Ein må vere villig til å ta oppdrag utanom kontortid når dette er naudsynt. Vi ser etter deg som er motivert og engasjert, og som ynskjer meningsfulle og varierte arbeidsoppgåver.

Kvalifikasjonskrav

- Høgare relevant utdanning frå høgskule- /universitet.
- Gode samarbeidsevner og samtidig evne til å jobbe sjølvstendig.
- Gode kommunikasjonsevner, munnleg og skriftleg.
- Evne til å inspirere og motivere.
- Fleirkulturell forståing og evne til konfliktløysing og grensesetting.
- Person som er tydeleg, moden og ansvarsbevisst.
- Har førerkort klasse B.
- Personlege eigenskapar vil verte vektlagd.

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

Godt fagmiljø med gode moglegheiter for kompetanseutvikling

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetjing og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 09.02.2017

Utlyst dato 17.01.2017

Vårref

633/17

Kontaktperson

Cathrine Gangst e, Flyktningskonsulent, mobil: 40907668, cat.gangs@hotmail.com
Arngunna Haga, Leiar, tlf: 53046250, arngunna.haga@nav.no